



Statens vegvesen

Ferjerute Vangsnes-Hella-Dragsvik og Fodnes-Mannheller - høyringsvar

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande høyringsvar:

Hella-Vangsnes-Dragsvik er eitt av få riksvegferjesamband utan 20 eller 30 minuttar intervall. Faste intervall for ferjerutene er viktig for å styrke Sogn som felles bu-, service- og arbeidsmarknadsregion. Eit godt ferjetilbod vil knyte regionen saman, gje meir pendling i regionen og vil redusere tidsbruk og kostnader for verksemdene. Frå 1.1.2016 har det vore halvtimes frekvens om sommaren, men ikkje om vinteren. Vinterruta har hatt fleire avgangar på dagtid og hyppigare frekvens, men to ferjer på sambandet gir ikkje halvtimes frekvens.

Sogn regionråd ønskjer utvida tilbod for nattferje. Nattferjer er viktig for næringslivet i regionen og for innbyggjarane i eit felles bu- og arbeidsområde.

Infrastruktur spelar ei viktig rolle i høve reiselivssatsinga i regionen. Reiselivet er verdst største og raskast veksande næring, og i sogneregionen har det vore ei solid auke i talet tilreisande sidan 2013. Med 600 000 gjestedøgn i året er Sognefjorden ein av dei største reiselivsdestinasjonane i Noreg. I tillegg kjem stor gjennomgangstrafikk til attraktive reisemål i regionen – Flåmsbana hadde om lag 930 000 passasjerar i 2016. Reiselivet generer berre i sommarmånadane 250 000 køyretøy i regionen. Sidan 2014 har det vore ein gjennomsnittleg trafikkvekst på 16%, med noko høgere vekst i Flåm og Balestrand. Prognosane for vidare vekst er svært gode.

Det har skjedd ei sesongutviding, og vi er på veg frå tre til sju månader sommarsesong. Det må vera gode samferdsleløyisingar om regionen skal lukkast med reiseliv heile året. For å tilretteleggja for heilårsturisme arbeider Sogn regionråd for å utvida ekspressbåttilbodet Bergen-Sogn (Sognebåten) med Flåm som endestopp heile året. Slik vil sør- og nordsida av Sognefjorden bli kopla sterkare saman. Sogn regionråd meiner eit tilbod med halvtimes avgangar heile året på ferjesambandet Hella-Vangsnes-Dragsvik er viktig for utvikling av heilårsturismen. Det er ei utfordring for reiselivsnæringa at dette sambandet skifter mellom sommar- og vinterrute.

Sogn regionråd støttar forslaget om treferjeløyising heile året med miljøvenlege elektriske ferjer. Det har til no vore nytta batterielektriske ferjer. Hydrogen som energiberar til elektrisk drift vil vera eit betre alternativ som vil gje kortare fylletid. I tillegg vil ein sleppe å gjere vurderingar rundt kostnader med oppgradering av nettet på dei stadene det må etablerast ladepunkt. Det vil vera langt mindre kostnader knytt til fyllepunkt for hydrogen og mindre belastning på el-nettet.

Sogn regionråd har følgjande innspel til framlegg til ruteplanar:

- Sogn regionråd ber om at Statens vegvesen ikkje nyttar opsjon for å forlenga gjeldande kontrakt i eitt år. Ny kontraksperiode bør starta frå 1.1.2019.
- Sogn regionråd støttar framlegget til rutetabell frå Statens vegvesen for Hella-Vangsnes-Dragsvik med 30 minuttar frekvens og treferjeløysing heile året der ferjene går i pendel.
- Sogn regionråd ber om at nattferja vert utvida: Frå Vangsnes – Hella – Dragsvik/retur: kl 0200, 0310 og kl 0420.
- Sogn regionråd støttar framlegget til ny rutetabell for Mannheller-Fodnes med 20 minuttar intervall om morgonen.

Det vert elles vist til høyringssvara frå kommunane.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift